



Internasjonalt og koseleg rundt langbordet.

Det var riktig koseleg i Gamleskulen då Uskedal utvikling inviterte til tilflyttarsamling i kveld. Uskedelinger av 6 nasjonalitetar var samla rundt langbordet, og samtalen gjekk godt. På det viset håpar eg dei nye uskedelingane fekk informasjon som dei kan ha glede av framover.

Etter at leiar Kristian Bringedal hadde ønskt velkommen og gjeve litt informasjon, traff første tema dei fram møtte godt. Det var nemleg om turmuligheter og turstiar. Det var noko som alle dei fram møtte hadde interesse av. Det var tydeleg at dei hadde erfaring frå ulike turar, men dei var også nygjerrige på nye muligheter. Både turar til gode soppområde, fisketurar og spreke fjellturar var på tapetet.

Noko som fatta ekstra stor interesse var ungdomslagshytta Fjelly, og dei muligheter den hadde å tilby. Mange kjende til hytta. Nokre hadde sett den, andre hadde lese om den på nettet, leita etter den og ikkje funne den, og ein hadde til og med vore der. Felles for alle var at dei var like interesserte. Avslutningsvis konkluderte Kristian med at det godt kan arrangerast ein fellestur til Mannsvatnet til våren. Ein kjempegod idè!!

Elles vart det informert om lags- og fritidsaktivitetar i bygda, og om kor husa det føregår i ligg. Dei fleste verka gledeleg godt orienterte, og var aktive og hadde sitt nettverk. Det verka som alle trivest godt i bygda, og ein av dei fram møtte karakteriserte Uskedalen som ei imøtekommande bygd samanlikna med andre plasser han hadde budd i Noreg.

SPAR sytte for god servering av pizza, kaker, kaffi og brus. Det var nok også med og letta den gode dialogen som vart rundt langbordet. Frå Zjakk og Spar var det også velkomstpakkjar til tilflyttarane.

Arrangørane var godt fornøgde med samlinga midt i haustferien.

- Kjekt møte! God dialog, og veldig kjekt for oss. Verkar som dei er aktive og skaffar seg nettverk, sa utviklingsleiaren Kristian Bringedal etter møtet.



Tilflyttarar frå 4 land: Emil, Darius, Ianis og Angelica (frå Romania), Maire og Kristin (frå Estland i sofaen). Bak står Abdirizaq (frå Somalia) og Piotr (frå Polen).

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland